



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 27

(2002–2003)

Om Noregs deltaking i den 57. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane
(FN) og vidareførte sesjonar av
FNs 56. generalforsamling

Innhald

1	Samandrag	5	5	Miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)	17
1.1	Allment	5	5.1	Oppfølging av FN-konferansar	17
1.2	Generaldebatten	5	5.2	Økonomi- og utviklingsspørsmål	17
1.3	Den politiske dynamikken i Generalforsamlinga. NEPAD. Afghanistan	6	5.3	Minst utvikla land og fattigdomsnedkjemping	17
1.4	Nokre hovudsaker	6	5.4	Operasjonelle aktivitetar	17
1.5	Samarbeidet med andre land og grupper	9	5.5	Miljø og berekraftig utvikling	18
2	Konstituering og Val	10	6	Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)	19
2.1	Avslutning av den 56. generalforsamlinga	10	6.1	Allmenne kommentarar	19
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 57. generalforsamlinga	10	6.2	Rasisme	20
2.3	Organisering av den 57. generalforsamlinga	10	6.3	Kvinner	20
2.4	Konstituering og val	10	6.4	Urfolksspørsmål	20
3	Saker som vart handsama i Plenum	11	6.5	UNHCR	21
3.1	Generaldebatten	11	7	4. Komité	22
3.2	Afrika-spørsmål/NEPAD	11	7.1	Vest-Sahara	22
3.3	Oppfølginga av Tusenårserklæringa .	12	7.2	Midtausten	22
3.4	FN-reform	12	7.3	Fredstryggjande operasjonar	22
3.5	Minetiltak	13	8	Administrative og budsjettære spørsmål (5. komité)	24
3.6	Humanitære spørsmål	13	8.1	Det regulære FN-budsjettet for 2002–2003	24
3.7	Oppfølging av spesialsesjonen om HIV/AIDS	13	8.2	Budsjettskissa for 2004–2005	24
3.8	Regionale spørsmål	14	8.3	FNs finansielle situasjon	24
3.9	Samarbeid mellom FN og andre organisasjonar	14	8.4	Finansiering av FNs straffedomstolar	25
3.10	Havretts- og fiskerispørsmål	14	8.5	Skalaen for utlikning av FNs utgifter	25
3.11	Dei internasjonale straffedomstolane for Jugoslavia og Rwanda	15	8.6	Totalreovering av FN- hovudkvarteret	25
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	16	8.7	FNs felles løns- og tenesteyesystem	25
4.1	Allmenne spørsmål	16	8.8	Tilsyn og kontroll	25
4.2	Kjernefysisk nedrusting	16	8.9	Fyrste vidareførte sesjon i 5. komité 3.–28. mars 2003	26
4.3	Andre nedrustingsspørsmål	16	9	Juridiske spørsmål (6. komité)	27
			9.1	Kloning	27
			9.2	Internasjonal terrorisme	27
			9.3	Den internasjonale straffedomstolen – ICC	28
			9.4	Andre spørsmål	28

Vedlegg		3	Programbudsjettet 2002–2003	36	
1	Statsminister Bondeviks innlegg i hovuddebatten	29	4	Oversikt over Noregs innlegg under den 57. generalforsamling	37
2	FN sine medlemsland og bidragsskalaen	32	5	FN-familien	40
			6	Forkortningar	41



St.meld. nr. 27

(2002–2003)

Om Noregs deltaking i den 57. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FNs 56. generalforsamling

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. april 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

1.1 Allment

I dei årlege stortingsmeldingane frå Regjeringa om Noregs deltaking på generalforsamlingane til Dei sameinte nasjonane har ein dei siste åra lagt vinn på å få fram det som er politisk viktig og korta ned det meir detaljerte faktuelle materialet. Medan St.meld. nr. 48 (1990–1991) om den 45. generalforsamlinga var på 299 sider, var fjorårsmeldinga, St.meld. nr. 20 (2001–2002), såleis nede på 55 sider. I denne meldinga har ein vidareført ei slik tilnærming ved å gjere meldinga så aktuell og framtidsretta som råd.

Den 57. ordinære generalforsamlinga til Dei sameinte nasjonane vart farga av Irak-spørsmålet, men hadde likevel eit meir ordinært preg enn dei to føregåande. Tusenårsforsamlinga i 2000 stod i ei særstilling, og den 56. generalforsamlinga vart sterkt prega av terroråttaket på USA 11. september 2001.

Irak var hovudsaka i tala som president Bush heldt til Generalforsamlinga 12. september. Bush gav uttrykk for at FN no måtte setje makt bak kravet om avvæpning av Irak med omsyn til masseødeleggingsvåpen. Berre full avvæpning og full

etterleving av resolusjonane til Tryggingrådet kunne akseptast. Om ikkje FN tok dette ansvaret, risikerte verdsorganisasjonen å verte irrelevant.

I reaksjonane på tala til Bush var dei fleste positive til at USA framleis var budd på å nytte FN-sporet når det gjaldt Irak. Merksemnda flytta seg etter dette over til Tryggingrådet og dei intense og vanskelege forhandlingane som munna ut i tryggingrådsresolusjon 1441 i november 2002. Politisk sett kom Generalforsamlinga i stor mon i skuggen av desse forhandlingane i Tryggingrådet og seinare oppfølginga av resolusjonen.

1.2 Generaldebatten

Representantar frå heile 188 land heldt innlegg i generaldebatten i byrjinga av generalforsamlinga. Av desse var 33 statsleiarar, 14 statsministrar og 110 utanriksministrar. I tillegg var den bilaterale og regionale møteverksemnda som vanleg svært omfattande og understreka den særeigne rolla som Generalforsamlinga har som global politisk møteplass.

Irak-spørsmålet, kampen mot terrorisme og forsvar av multilateralismen var tema som gjekk att i generaldebatten. Generalsekretær Kofi Annan sette tonen med eit kraftig forsvar for multilateralismen sin plass i ei stadig meir globalisert verd. Han peikte på at berre FN har legitimitet til å vedta tiltak for å halde oppe internasjonal fred og tryggleik. Han oppmoda medlemslanda til å vere tolmogige og uthaldande og gjere full bruk av dei multilaterale institusjonane. Samstundes peikte han på at Tryggingrådet måtte følgje opp ansvaret sitt.

Generalsekretæren trekte fram fire hovudtrugsmål mot internasjonal fred og tryggleik. Når det gjaldt Midtausten, understreka han mellom anna at visjonen om oppretting av ein palestinsk stat side om side med Israel måtte følgjast opp. Med omsyn til Irak la han stor vekt på at våpeninspektørane til FN måtte få uhindra tilgang. Om Afghanistan sa han mellom anna at regimet sin autoritet måtte styrkjast i heile landet, og at det internasjonale samfunnet måtte følgje opp lovnadene sine om støtte. Når det gjaldt Kashmir, oppmoda Generalsekretæren India og Pakistan til å ta tak i dei grunnleggjande årsakene til konflikten.

Statsminister Bondevik heldt det norske innlegget i generaldebatten og kom inn på mange av dei same hovudsakene som andre talarar. FN sine sentrale plass i internasjonal politikk og mellomstatleg samarbeid var ein raud tråd i innlegget. Hovudtema elles var kampen mot terrorisme, Irak, Midtausten, Afghanistan, toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg, trongen for auka utviklingshjelp og Den internasjonale straffedomstolen. Innlegget ligg ved meldinga.

1.3 Den politiske dynamikken i Generalforsamlinga. NEPAD. Afghanistan

Utanom generaldebattane har det vore ei utfordring å løfte fram store og viktige politiske saker i dei ordinære generalforsamlingane. Dette er ein av grunnane til at ein det siste tiåret har hatt så mange spesialsesjonar, konferansar og toppmøte utanom sjølve generalforsamlingane.

Mot denne bakgrunnen var høgnivåmøtet om NEPAD (New Partnership for Africa's Development) ei positiv overrasking. Det samla ei rekkje afrikanske statsleiarar og vedtok ei politisk fråsegn om den nye utviklingsagendaen til Den afrikanske unionen (AU). Den etterfølgjande resolusjonen om NEPAD står fram som ein av dei viktigaste på den 57. generalforsamlinga. Resolusjonen balanserer

på ein god måte ansvar og plikter mellom dei afrikanske landa og det internasjonale samfunnet.

Noreg var mellom dei ikkje-afrikanske landa som var inviterte til å halde innlegg på høgnivåmøtet. Utanriksminister Petersen uttrykte mellom anna von om at NEPAD vil medverke til å verkeleggjere det potensialet Afrika har, ved å konsolidere demokratiet, fremje fred og tryggleik og styrkje respekten for menneskerettane. Han gav uttrykk for at Noreg vil stø fredsbyggingsinitiativ og konfliktførebyggjande institusjonar i Afrika i tråd med planane til NEPAD.

Handsaminga av Afghanistan fanga òg politisk interesse ved å vere nyskapande. Det vart gjennomført eit eige toppmøte om Afghanistan under høgnivådelen av generalforsamlinga og i staden for ein tradisjonell debatt vart det halde ei høyring i plenum.

Det vert fleire slike høgnivåsegment på generalforsamlingane i åra framover, mellom anna eit til hausten (2003) om oppfølginga av spesialsesjonen om HIV/AIDS i 2001. Frå norsk side ser ein det som ei hovudutfordring å medverke til å skape politisk merksemd kring møtet. Ein vil mellom anna arbeide for eit best mogeleg opplegg for deltaking av frivillige organisasjonar. Slik deltaking av ikkje-statlege organisasjonar er alltid omstridd.

1.4 Nokre hovudsaker

FN-reform

Generalsekretæren sitt framlegg til nye reformtiltak var ei av dei store sakene på Generalforsamlinga. Hovudmålet med reformpakken er å setje FN betre i stand til å følgje opp Tusenårsfråsegna. Sentrale einskildelement er å styrke arbeidet med menneskerettane, å rasjonalisere arbeidet med konferansar og rapportar, å gjere budsjettprosessen meir målretta og mindre detaljfokusert, og å vidareføre arbeidet med å samordne FN-innsatsen på landnivå.

Frå norsk side gav ein sterk støtte til reformframlegga, og alle vestlege land gav uttrykk for allmenn støtte til reformpakken. Utviklingslanda (G-77) var noko meir atterhaldne, særleg når det gjaldt større budsjettfleksibilitet og styrking av menneskerettsarbeidet. Noko av bakgrunnen for dette er at FN-reformer i 1990-åra i stor mon vart einstyddande med budsjettnedskjeringar. Utviklingslanda er særleg opptekne av at reformtiltaka ikkje skal gå ut over utviklingsinnsatsen til FN.

Sett under eitt fekk Generalsekretæren fullmakt til å setje i verk ei rekkje naudsynte reformtil-

tak, men dei viktigaste framlegga vart utsette. Mange vil i røynda verte avgjorde i Generalforsamlinga sin rådgjevande komité for administrative og finansielle spørsmål (ACABQ) og i budsjettkomiteen (5. komité). Frå norsk side ser ein det difor som viktig å følgje opp arbeidet der.

Hovudansvaret for å gjere arbeidet i Generalforsamlinga meir dynamisk og politisk relevant ligg likevel ikkje på Generalsekretæren, men på medlemslanda sjølve. Trass i einskilde lyspunkt (NEPAD, Afghanistan) trengst det meir og meir å reformere arbeidsmåten i Generalforsamlinga. FN-sekretariatet vert utan samordning pålagt å utarbeide så mange rapportar og utgreiingar at det går ut over både kvalitet og oppfølging. Dagsordenen vert meir og meir overlest fordi nye saker kjem til utan at gamle vert tekne bort. Det er stor grad av overlapping i resolusjonane og komitéarbeidet. Mange resolusjonar og debattar ber preg av nærast rituell repetisjon. Noreg vil framleis engasjere seg sterkt til støtte for reformer. Men ein må samstundes vere budd på at det vert vanskeleg sidan det mellom anna vil krevje at alle viser vilje til la eigne markeringssaker gå inn i breiare rammer og samanhengar.

I spørsmålet om reform av Tryggingrådet var det heller ikkje på denne Generalforsamlinga teikn til framgang.

Oppfølging av FN-konferansane

Oppfølginga av FN-konferansane i Monterrey og Johannesburg var ei av dei store sakene på Generalforsamlinga og prega arbeidet i 2. komité. Det vart semje om å setje av to dagar på generalforsamlinga til hausten til ein høgnivådialog om oppfølginga av Monterrey-konferansen.

Noreg er mellom dei som meiner at ein no må vere svært atterhaldne med å arrangere fleire verdskonferansar og heller konsentrere seg om å gjennomføre vedtaka frå dei som har vore. Mange land er samde om at den eksisterande FN-strukturen (Generalforsamlinga, ECOSOC, kommisjonane) må utnyttast betre i oppfølginga av konferansane. Men dette aktualiserer samstundes spørsmålet om reformer. Det vart vedteke å oppnemne ei open arbeidsgruppe som skal leggje fram konkrete tilrådingar om oppfølginga av konferansar innan juni 2003. Spørsmålet vil difor komme opp att i Generalforsamlinga hausten 2003.

Forhandlingane om mange spørsmål som stod sentralt på toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg vart vanskelegare enn venta. Men resultatet gjev likevel eit godt grunnlag for aktiv oppfølging. I utviklingssamarbeidet vil ein frå

norsk side satse målretta på dei såkalla WEHAB-områda (vatn, energi, helse, landbruk og biologisk mangfald). Generalsekretæren fekk i oppgåve å leggje fram ein rapport i 2003 med framlegg til opplegg for det framtidige arbeidet i Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD). Utviklingslanda fekk stadfest kravet sitt frå Johannesburg om at det trengst å innleie forhandlingar om eit internasjonalt regime for fordeling av føremonene ved utnyttinga av genetiske ressursar.

Andre miljø- og utviklingsspørsmål

Alle resolusjonar, med unntak av resolusjonen om palestinarane sin råderett over naturressursane i dei okkuperte områda, vart vedtekne med konsensus. Nokre resolusjonar vart utsette, mellom anna to klimaresolusjonar og ein om alle land skal vere representerte i UNEP-styret eller ikkje.

Til liks med mange andre land arbeider Noreg for å rasjonalisere arbeidet i 2. komité òg. Freistnaden på å forhandle fram ein samla resolusjon om makroøkonomiske spørsmål førte ikkje fram. Frå norsk side la ein elles stor vekt på mellom anna gjeldsspørsmål.

Oppfølging av Tusenårserklæringa

Generalsekretæren innleidde debatten og summerte opp konklusjonane i den første årlege rapporten sin om status for gjennomføringa av Tusenårserklæringa. Han åtvare om at vi alt er i ferd med å komme på etterskot i oppfylginga av Tusenårsmåla trass i framgang på nokre område og i nokre regionar.

Debatten gjekk over tre dagar, men vekte liten åtgåum. Det vart vedteke å ha ein femårsgjennomgang på høgt nivå på generalforsamlinga i 2005. Dette vert ein viktig milestein og eit mål på om ein i generalforsamlinga greier å halde oppfylginga av tusenårsmåla høgt nok på den politiske dagsordenen. Noreg vil framleis engasjere seg sterkt i dette spørsmålet.

Terrorisme

Kampen mot internasjonal terrorisme var sterkt framme i generaldebatten, som kom like etter minnemarkeringar på årsdagen for terroråttaket på USA, men var elles ikkje ei sentral sak på Generalforsamlinga. Det er framleis Tryggingrådet som er hovudarenaen til FN på dette området.

Det var heller ikkje på denne generalforsamlinga framgang i arbeidet i 6. komité med ein allmenn konvensjon om terrorisme og ein konven-

sjon mot kjernefysisk terrorisme. Utsiktene til framgang på generalforsamlinga hausten 2003 er heller ikkje lyse. I 3. komité vart det likevel vedteke ein resolusjon om menneskerettar i kampen mot terrorisme.

Juridiske spørsmål

Forhandlingane i 6. komité gjekk på denne generalforsamlinga og føre seg i ein god og konstruktiv atmosfære. Alle resolusjonane vart vedtekne med konsensus. Med eitt unnatak vart det ikkje sett nye tema på dagsordenen til komiteen. Den internasjonale straffedomstolen (ICC) var eit viktig tema i komiteen etter at traktaten no har teke til å gjelde, og domstolen er oppretta i Haag.

Kloning var som venta den saka som fekk størst merksemd. Utfallet var dessverre ikkje eigena til å setje fart i arbeidet med framforhandling av ein konvensjon. Samstundes går den bioteknologiske utviklinga føre seg i høgt tempo.

Elles var resultatane gode på område som er viktige for Noreg, til dømes fiskeri og havrett. Noreg var medframleggsstillar og premissleverandør for alle dei tre resolusjonane som vart vedtekne under dette dagsordenspunktet.

Menneskerettar

I lys av at den 58. sesjonen i FN's menneskerettskommisjon var svært vanskelig, var stemninga i 3. komité meir positiv enn ein kunne vente. Vedtakinga av tilleggsprotokollen til Torturkonvensjonen om inspeksjonsmekanismer i fengsel var ein av milesteinane på Generalforsamlinga. Noreg arbeidde svært aktivt for å få denne resolusjonen gjennom, både i ei lita venegruppe i New York og gjennom mange av utanriksstasjonane våre. Resolusjonen om vern av menneskerettar i kampen mot terrorisme fikk òg stor merksemd.

I debatten om urfolk understreka Noreg på vegner av dei nordiske landa at det trengst å opprette eit sekretariat i New York for det nye faste forumet for urfolksspørsmål, som vert leidd av Ole Henrik Magga. Dette fekk ein delvis gjennomslag for i budsjettkomiteen (5. komité), som og vil arbeide vidare med det til hausten.

Handsaminga av spørsmål knytte til rasisme var òg konstruktiv. Men mykje av resten av arbeidet i 3. komité var prega av store motsetningar, både mellom nord og sør, mellom vestlege og islamske land, og mellom USA og dei andre vestlege landa (dødsstraff, Barnekonvensjonen, Den internasjonale straffedomstolen). Det var rekordhøgt mange voteringar om dei ulike resolusjonane.

Nedrusting og tryggleik. Miner

Arbeidet og avrøystingane i 1. komité følgde tradisjonelle liner. Både dagsordenen og resolusjonane var prega av repetisjon. Motsetningane var noko sterkare enn året før då arbeidet var sterkt prega av terroråttaket på USA. Resolusjonsframlegget om multilateralisme frå Dei alliansefrie landa (NAM) avdekte reell usemje i høve til dei vestlege landa. Medan NAM la vekt på multilateralisme som kjerneprinsippet for nedrusting og ikkje-spreiing, såg dei vestlege landa òg verdi i bilaterale og andre tiltak.

Forhandlingane i plenum om resolusjonen om støtte til antipersonellminetiltak var meir kompliserte enn tidlegare. Frå norsk side gav ein uttrykk for misnøye med tendensen til de facto å utvide mandatet til FN's interne samordningsorgan for minetiltak (UNMAS) på kostnad av den nasjonale eigarskapen til minetiltak og dei frivillige organisasjonane si rolle, særleg når det gjeld gjennomføring. Noreg slutta seg til konsensus, men valde å gje røysteforklaring og var for første gong ikkje medframleggsstillar til resolusjonen.

Finansielle og administrative spørsmål

De fleste viktige sakene har ei budsjettmessig side og hamnar såleis i 5. komité. Dette gjeld ikkje minst viktige reformspørsmål. Frå norsk side legg ein difor stor vekt på arbeidet i denne komiteen.

Resultatet av arbeidet i 5. komité må kunne karakteriserast som godt. Noreg fekk gjennomslag for finansiering av tre stillingsheimlar til det nye urfolkssekretariatet. FN-tilsette fekk for første gong på lenge ein liten reallønsauke, og det vart vedteke å totalrenovere FN-hovudkvarteret. Røynslene frå arbeidet i komiteen syner at ein får størst gjennomslag ved å konsentrere seg om eit fåtal saker.

FN's finansielle situasjon har dei siste åra synt ei viss positiv utvikling. Ved utgangen av 2002 var likviditetssituasjonen på nytt akseptabel sett i høve til situasjonen for nokre år sidan. Medlemslanda hadde likevel ei gjeld til FN på USD 1,638 mrd. Av dette var USD 1,335 mrd. til FN's fredstryggjande operasjonar. FN skulda på si side USD 703,6 mill. i ubetalte refusjonar til troppebidragsytande land (mot USD 800 mill. året før).

Noreg deltok aktivt i handsaminga av rekneskapsrapportar frå FN-sekretariatet og rapportane frå Revisorrådet, FN's kontor for internt tilsyn (OIOS), FN's eksterne kontrollorgan og FN's inspektørgruppe (JIU).

1.5 Samarbeidet med andre land og grupper

Noreg legg stor vekt på eit breitt samarbeid med andre land og grupper i FN. Eit slikt samarbeid krevst for å halde seg oppdatert og få gjennomslag for norske prioriteringar. Gjennom medlemskapen i Tryggingsrådet har Noreg opparbeidd eit enno vidare samarbeidsnett i Dei sameinte nasjonane.

Det nordiske samarbeidet i FN fungerer framleis bra sjølv om EU-samordninga set grenser. Når det gjeld reform av Tryggingsrådet, er det kome fram skilnader mellom dei nordiske landa med omsyn til utviding av rådet. Frå norsk side samarbeider ein òg godt med EU, som er ein leiande aktør i Generalforsamlinga, og sluttar seg til EU sine innlegg etter vurdering frå sak til sak. Noreg legg òg stor vekt på samarbeidet med afrikanske og andre

utviklingsland. Noreg tek aktivt del i JUSCANNZ (vestgruppa utanom EU) og samarbeider nært med mange einskilde land i denne gruppa.

Frå norsk side samarbeider ein nært med ei rekkje frivillige organisasjonar om FN-spørsmål og arbeider for å leggje til rette for at dei frivillige organisasjonane skal kunne delta i arbeidet til FN. Dei frivillige organisasjonane si rolle i FN er omdiskutert og kom opp på denne generalforsamlinga òg, særleg under handsaminga av spørsmål knytte til oppfølging av FN's verdskonferansar. Generalsekretæren har oppnemnt eit ekspertpanel under leiing av Fernando Cardoso, tidlegare president i Brasil, som skal gjennomgå det sivile samfunnet si deltaking i arbeidet til FN. Panelet tek sikte på å halde samråd på regionalt nivå, mellom anna med frivillige organisasjonar og parlamentararar. Panelet vil venteleg ha det første møtet sitt i mai eller juni 2003.

2 Konstituering og Val

2.1 Avslutning av den 56. generalforsamlinga

Den 56. generalforsamlinga vart formelt avslutta 9. september 2002.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 57. generalforsamlinga

Til å representere Noreg på FNs 57. generalforsamling vart denne delegasjonen oppnemnd:

Delegerte:

Statsminister Kjell Magne Bondevik, leiar
Utanriksminister Jan Petersen, nestleiar
Ambassadør Ole Peter Kolby

Stortingsrepresentantar:

1. del av sesjonen

Sonja Irene Sjøli
Bror Yngve Rahm
Hallgeir Langeland
Per Erik Monsen
Bjørgulv Froyn
Finn Martin Vallersnes

2. del av sesjonen

Eirin Faldet
Ola D. Gløtvold
Karin Andersen
Synnøve Konglevoll
Kari Lise Holmberg
Jan Arild Ellingsen

Observatørar

Barne- og familiedepartementet
Landsorganisasjonen i Noreg, LO
Næringslivets Hovudorganisasjon, NHO
FN-sambandet
NGO-forum v/Human-Etisk forbund og Stiftelsen
Menneskerettighetshuset
Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar, LNU
Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja
Noregs fredsråd
Folk og Forsvar

2.3 Organisering av den 57. generalforsamlinga

Den 57. generalforsamlinga vart opna 10. september 2002. Opningsdatoen var tilpassa markeringane av at det var eitt år sidan terroråtaka på New York og Washington DC. Generaldebatten starta 12. september og vart avslutta 20. september.

2.4 Konstituering og val

Den 57. generalforsamlinga valde Jan Kavan, tidlegare visestatsminister og utanriksminister i Tsjekkia, til president.

To nye medlemmer vart tekne opp på den 57. generalforsamlinga: Sveits 10. september 2002 og Aust-Timor 27. september 2002.

Den 57. generalforsamlinga valde desse fem statane som nye, ikkje-faste medlemmer av Tryggingrådet for perioden 2003–2004: Tyskland, Pakistan, Spania, Angola, Chile.

Den internasjonale parlamentariske unionen (IPU) fekk observatørstatus i Generalforsamlinga.

3 Saker som vart handsama i Plenum

3.1 Generaldebatten

Opninga av Generalforsamlinga vart framskunda slik at generalforsamlinga fall saman med markeringane av eittårsdagen for terroråttaket på USA 11. september 2001.

188 land heldt innlegg i generaldebatten på den 57. generalforsamlinga, og av desse var 33 representerte ved statsleiarar, 14 ved statsministrar, 14 ved vistestatsministrar og 110 ved utanriksministrar. At det er så mange høgtstående politikarar til stades under generaldebatten, gjer at opninga av generalforsamlinga fungerer som ein viktig internasjonal politisk møteplass.

Kamp mot terrorisme, Irak og forsvar av multilateralisme var viktige tema i generaldebatten. Generalsekretær Kofi Annan åtvare i opningstala si mot tendensar til unilateralisme i ei verd som meir enn nokon gong treng fellesskapsløysingar, noko som mange oppfatta som ein implisitt kritikk av USA. Svært mange land la stor vekt på multilateralisme og bindande internasjonal samarbeid i innlegga sine.

Det amerikanske innlegget var konsentrert om Irak. President Bush understreka at det trengst å setje makt bak kravet om gjennomføring av tryggingrådsresolusjonane om Irak. I reaksjonane på innlegget la mange positiv vekt på at USA framleis ville bruke FN-sporet overfor Irak. Mange knytte Irak til midtaustkonflikten og uttrykte von om at Kvartetten og planen for vidareføring av fredsprosessen ville lukkast med hjelp av det såkalla vegkartet.

Mange av innlegga omtala Afrika og uttrykte forventingar til NEPAD (New Partnership for African Development), men òg uro for finansieringa. Terrorismedebatten var fråkoplå Afghanistan. Mange framheva samanhengen mellom ekstremisme, fattigdom, eksklusjon og terrorisme. Mange omtala òg Den internasjonale straffedomstolen (ICC) og den verdien som domstolen har for ei vidare utvikling av internasjonal rettsorden.

Det norske innlegget ved statsminister Bondevik knytte seg til hovudstraumane i generaldebatten. Ein raud tråd i innlegget var FN og multilateralismen sin plass i internasjonal politikk, med

vekt på tema som terrorisme, Irak, Midtausten, Afghanistan og Den internasjonale straffedomstolen (ICC). Statsministeren understreka òg at det trengst meir hjelp og ei aktiv oppfølging av toppmøtet i Johannesburg.

Noko uventa var HIV/AIDS lite framme i debatten. Heller ikkje fredstryggjande operasjonar fekk særleg omtale trass i at det berre er to år sidan Lakhdar Brahimi la fram rapporten sin om effektivisering av FN's kapasitet innan fredstrygging. Vidare var det lite omtale av flyktningproblem. Det er òg interessant å merke seg at i ein situasjon der masseøydeleggingsvåpen pregar debatten om terrorisme, var det ikkje mange som tala om nedrusting og rustingskontroll.

3.2 Afrika-spørsmål/NEPAD

Den nye utviklingsagendaen til Den afrikanske unionen, «New Partnership for Africa's Development» (NEPAD), vart følgd med stor interesse på den 57. generalforsamlinga. Ei politisk erklæring vart vedteken på eit høgnivåsegment, som samla svært mange afrikanske statsoverhovud, men òg ei rekkje vestlege leiarar. Det vart gjeve sterk støtte til NEPAD-initiativet. Utanriksminister Jan Petersen uttrykte forventingar om at NEPAD kan verke med til å realisere potensialet som Afrika har, ved å konsolidere demokrati og fremje godt styresett, fred og tryggleik og respekt for menneskerettane. Han uttrykte vidare forventingar til den såkalla African Peer Review Mechanism og understreka at mekanismen representerte eit modig og nyskapande steg for å verkeleggjere målsetjingane til NEPAD. Noreg vil stø fredsbyggjande initiativ i Afrika som utvikling av institusjonar og kompetanse for å hindre konflikt i tråd med agendaen til NEPAD.

NEPAD-resolusjonen var ein av dei viktigaste på generalforsamlinga og balanserer ansvar og skyldnader mellom dei afrikanske landa sjølve og det internasjonale samfunnet på ein god måte. Det vart elles vedteke å gje ut ein årleg rapport om FN's samla innsats i Afrika. Høgnivåmøtet om NEPAD

var eit døme på korleis viktige politiske saker kan gjevast naudsynt dynamikk og generere politisk entusiasme på generalforsamlinga òg.

3.3 Oppfølginga av Tusenårserklæringa

Generalsekretæren innleidde debatten med å summere opp konklusjonane i rapporten sin om status for gjennomføringa av Tusenårserklæringa (A/57/270). Inntrykket er i beste fall blanda. Det er gjort framsteg på somme område og i somme regionar, men oppfølginga på det afrikanske kontinentet har gått for langsamt. Det må mellom anna satsast på å få fleire jenter på skule for å nå målsetjinga om å sikre alle barn rett til grunnskuleutdanning innan 2005. Generalsekretæren uttrykte von om at utviklingslanda ville utarbeide eigne årlege statusrapportar om oppfølginga av arbeidet med å nå tusenårsmåla. Han la òg vekt på at landa må fylgje opp lovnadane frå toppmøta i Monterrey og Johannesburg.

Trass i at tusenårsmåla vert følgde med interesse overalt i FN-systemet, vekte ikkje debatten om oppfølginga av FNs tusenårserklæring stor merksemd. Svært mange av medlemslanda heldt innlegg, men debatten var ikkje prega av stor eller entusiastisk deltaking. Det var brei semje om at Monterrey- og Johannesburg-konferansane representerer milesteinar for den vidare gjennomføringa av tusenårsmåla. Dei fleste landa peikte likevel på at arbeidet med å oppfylle måla går for sakte. Det vart gjeve sterk støtte til NEPAD-initiativet. Mange utviklingsland tok opp trongen for større ressursoverføringar. Det vart vedteke å ha ein femårsgjennomgang på høgt nivå på den 60. generalforsamlinga. Dette vert ein viktig milestein.

Under dette dagsordenspunktet freista Canada å få tilslutning til ein resolusjon om «plikta til å verne sårbare», som ville stadfeste vern som tema i Generalsekretærens årlege rapport om oppfølginga av tusenårsmåla. I og med at vilkår ved humanitær intervensjon er eit sentralt tema i debatten om plikta til å verne, møtte det kanadiske initiativet sterk motstand frå sentrale G77-land som India, Kina og Cuba, noko som førte til at framlegget ikkje resulterte i eit formelt vedtak. Canada signaliserte at dei ønskte å ta opp att saka i vidareført sesjon, og det vert forventa at ho vil verte drøfta på nytt i vår.

Under dette dagsordenspunktet fekk Russland tilslutning til ein resolusjon om globale trugsmål og utfordringar. Føremålet med resolusjonen var å

gje ein politisk budskap om at heile Tusenårserklæringa skal gjennomførast, og at alle delar av erklæringa er viktige og heng saman.

3.4 FN-reform

Framlegget frå Generalsekretæren til nye reformtiltak vart ei av dei store sakene på den 57. generalforsamlinga. Det er fem år sidan førre reformrunde. Reformpakken femna om ei rekkje einskild tiltak som alle hadde som mål å strauformere organisasjonen, ikkje minst med tanke på ei effektiv oppfølging av Tusenårserklæringa. Generalsekretæren gjorde dessutan framlegg om ei rekkje tiltak for å gjere menneskerettsarbeidet viktigare, på landnivå òg. Han ønskte òg å rasjonalisere arbeidet med konferansar og rapportar og bad om større fleksibilitet i budsjettspørsmål.

Frå norsk side vart det uttrykt sterk støtte til reformtiltaka. Fokus måtte rettast mot å gjennomføre Tusenårserklæringa og følgje opp nyleg avhaldne verdskonferansar. Alle vestlege land gav uttrykk for allmenn støtte til Generalsekretæren sin reformpakke, medan utviklingslanda la vekt på at nye reformtiltak ikkje måtte gå ut over FNs engasjement for økonomisk og sosial utvikling i utviklingsland. Dei peikte vidare på at prioriteringane og FNs mandat vert fastlagde av medlemslanda og ikkje av Generalsekretæren, og at endringar av prioriteringar og mandat må gjerast innanfor den eksisterande mellomstatlege ramma. G77 gjorde det klart at dei ikkje kunne akseptere reformer dersom konsekvensen er budsjettkutt eller mindre innverknad for medlemslanda.

Forhandlingane bar preg av ulike syn på handlingsrommet som Generalsekretæren har til å setje i verk reformer. Resultatet vart at ein i det store og heile gjev Generalsekretæren rett til å setje i verk mange av dei framlagde tiltaka. Bremsene vart likevel sette på når det gjaldt reformer på menneskerettsområdet og når det gjaldt budsjettfleksibilitet. På desse områda bad ein Generalsekretæren kome attende med ytterlegare framlegg. Mange av desse viktige spørsmåla vil verte handsama i Generalforsamlinga sin rådgjevande komité for administrative og finansielle spørsmål (ACABQ) og i 5. komité. Frå norsk side vil det difor vere viktig å følgje opp reformarbeidet i desse fora.

I spørsmålet om reform av Tryggingrådet klarte ikkje Generalforsamlinga å bringe prosessen framover. Det er brei semje om at Rådet ikkje speglar samansetjinga av medlemsmassen til FN korkje når det gjeld valde og faste medlemmer. Det er likevel lita semje om kor mange medlem-

mer rådet bør ha, kor mange faste medlemmer det skal vere, og kven det bør vere. Størst usemje er det om vetoretten, som ei rekkje statar ønskjer å fjerne, men i dette spørsmålet nektar stormaktene å gå med på endringar. Det var denne gongen ikkje mogeleg å samle dei nordiske landa om eit felles innlegg. Sverige har endra syn, og dette har resultert i ein mindre klar nordisk profil enn hittil. Noreg heldt difor eit eige nasjonalt innlegg, der ein gjekk inn for ei utviding av både valde og faste medlemmer.

Før eller sidan vil det internasjonale samfunnet måtte ta fatt i spørsmålet om kva arbeidsform og samansetjing Tryggingrådet skal ha. Det står likevel ikkje strid om Tryggingrådet si rolle i verdsorganisasjonen ettersom Rådet har ansvaret for halde oppe internasjonal fred og tryggleik.

3.5 Minetiltak

Forhandlingane om resolusjonen om hjelp til anti-personellminetiltak vart i år noko meir kompliserte enn tidlegare. Saman med ei rekkje sentrale utviklingsland innan minetiltaksarbeid (Sør-Afrika, Thailand o.a.) gav Noreg uttrykk for misnøye med den sterke og eksklusive vektlegginga av FN's rolle innan minetiltaksarbeid på kostnad av dei gjennomførande organisasjonane, som i dei fleste tilfelle er ikkje-statlege organisasjonar. I den samanhengen vart det åtvåra mot ein stadig sterkare tendens til utviding de facto av mandatet til FN's interne samordningsorgan for minetiltak (UNMAS) i retning av ei global samordningsrolle og ein gjennomførande karakter. Dette er i strid både med FN's eigen minetiltakspolitikk og målsetjinga om nasjonalt eigarskap til minetiltak. Frå norsk side vart det hevda at UNMAS har ei viktig rolle å spele når det gjeld å fremje medvitet om mineproblemet i FN-systemet og å sørge for at mineproblemet inngår i aktiviteten til særorganisasjonane, og ved planlegging og gjennomføring av fredstryggjande operasjonar der det er relevant. Kritikken frå fleire hald går likevel på at UNMAS må freiste å konsolidere og styrkje rolla si på dette området, i staden for å ta på seg nye oppgåver. Dei same problemstillingane vart òg reiste i ei fråsegn frå Den internasjonale kampanjen for forbod mot landminer (ICBL). Men ei rekkje EU-land og Canada var likevel ikkje samde i kritikken og avviste dei fleste norske endringsframlegga, som mellom anna styrkte omtala av rolla til ikkje-statlege organisasjonar. Noreg slutta seg til konsensus, men valde å gje ei røysteforklaring og for fyrste gong å ikkje vere medframleggssillar til resolusjonen. Sa-

ka er viktig, og det er difor naturleg at vi på nytt vurderer, saman med nærstående land, korleis vi best kan oppfylle målsetjingane i Minekonvensjonen, også innanfor ramma av FN-systemet.

3.6 Humanitære spørsmål

I debatten om humanitære spørsmål var gjennomgangstemaa auken i naturkatastrofar, manglande oppslutning om dei konsoliderte naudhjelpsappellane (CAPane) og sterk støtte til arbeidet som vart utført av FN's kontor for naudhjelpssamordning (OCHA). I den allmenne resolusjonen om samordning av humanitær hjelp finst det nye referansar til at dei humanitære hjelpearbeidarane er innblanda i seksuell utnytting av flyktningkvinner og barn. Dette har vore eit tema som har fått stor merksemd i media det siste året. Fleire vestlege land lukkast òg å få inn tekst om at det vil vere gunstig om OCHA i større grad kunne sikrast finansiering over det regulære FN-budsjettet og ikkje berre frå frivillige tilskot. Dette vart òg framheva i det norske innlegget under dette dagsordenspunktet. Etter alt å dømme vil desse hovudtemaa verte viktige i handsaminga av humanitære spørsmål på neste generalforsamling òg.

3.7 Oppfølging av spesialsesjonen om HIV/AIDS

Mange talarar deltok i plenumsdebatten om oppfølging av spesialsesjonen om HIV/AIDS, og alle konstaterte at innsatsen på gjennomføringssida må aukast. Manglande ressursar, høge medisinpri- sar og framleis sosial stigmatisering vart framheva som forklaringsfaktorar for manglande framgang i kampen mot HIV/AIDS. Særleg tykte mange at mangelen på tilskot til det globale fondet for å nedkjempe HIV/AIDS var ille. Innsatsen må aukast dersom vi skal nå måla. Dette krev både ekstra ressursar og leiarskap. Utdanning vart trekt fram av mange som viktig.

Oppfølginga av spesialsesjonen om HIV/AIDS var ikkje av dei mest sentrale tema på generalforsamlinga ettersom ein ventar substanshandsaming på neste års høgnivåmøte på den 58. generalforsamlinga. Resolusjonen som vart vedteken, avklarar likevel korleis deltaking av ikkje-statlege organisasjonar skal leggast opp på høgnivåmøtet. I FN-samheng er deltaking av ikkje-statlege organisasjonar alltid eit stridsspørsmål.

Under handsaminga av dagsordenspunktet om malaria tok fleire talarar til orde for å halde fokus

på sjukdomen. For mange fattige land er malaria ei like stor utfordring som HIV/AIDS. Det vart uttrykt uro for manglande ressursar til å nedkjempe malaria, og fleire peikte på at ressursane frå det globale fondet for å nedkjempe HIV/AIDS, tuberkulose og malaria ikkje var tilstrekkelege til å nedkjempe malaria. Det vart vedteke ein resolusjon om tiåret for kamp mot malaria i utviklingsland (2001–2010), som mellom anna rosar den høge prioriteringa av malaria i NEPAD.

3.8 Regionale spørsmål

Generalforsamlinga vedtok resolusjonar om Midtausten, Mellom-Amerika, Bosnia-Hercegovina, Cuba og Afghanistan. Debattane om oppheving av sanksjonane mot Cuba og om Midtausten var døme på saker som FN ikkje klarer å bringe framover på grunn av ein fastlåst politisk situasjon.

Midtausten

Debatten om situasjonen i Midtausten, resolusjonstekster og etterfølgjande røysemønster var prega av konfrontasjonar og polarisering som i tidlegare år. Det er uheldig at merksemda omkring plenumshandsaminga av desse viktige spørsmåla er fallande. Dette skuldast etter alt å dømme at fleire delegasjonar finn debatten og resolusjonane lite nyskapande, og at Generalforsamlinga synest å gje eit magert tilskot til ei løysing på konflikten i Midtausten. Det må likevel vere ei oppgåve i tida framover å søkje å motverke denne utviklinga.

Mellom-Amerika

Resolusjonen om Mellom-Amerika har etter kvart fått eit rituelt preg. Konflikttane som var bakgrunnen for resolusjonen, er løyste for lenge sidan. Ein kan difor spørje om situasjonen i dag rettferdiggjør eit eige dagsordenspunkt.

Sentral-Asia

Det oppstod problem i samband med handsaminga av resolusjonen om samarbeidet mellom FN og OSSE på grunn av ulike interesser i dei ulike konflikttane som vert omtala. Aserbajdsjan tok ei formulering om konflikten i Nagorno-Karabakh til avrøysting som i tidlegare år. Landet vann avrøystinga, men eit stort og veksande fleirtal, mellom andre Noreg, valde å avstå. Det er grunn til å spørje om organisasjonen ikkje bør søkje nye måtar å

nærme seg problema på når resolusjonstekstene i ei årrekke berre vert kopiar av resolusjonen frå året før.

Afghanistan

Handsaminga av Afghanistan var eit lyspunkt. Afghanistan er ikkje føremål for skarpe motsetningar innan FN, men samlar storpolitisk interesse. Det vart gjennomført eit eige toppmøte med deltaking frå over 20 land, mellom andre Noreg, i høgnivådelen av generalforsamlinga. Utanriksminister Jan Petersen deltok frå norsk side, også i eigenskap av formann for den internasjonale støttegruppa for Afghanistan (ASG). Frå norsk side la ein vekt på at det trengst å styrkje tryggleiken, og framheva at det krevst synlege resultat av ei samordna og samanhengande hjelp til landet for å stabilisere det. Difor var det òg viktig at gjevarlanda følgde opp lovnadene sine.

I ein freistnad på nye møteformer vart det, i staden for ein tradisjonell debatt, gjennomført ei eiga høyring om Afghanistan i plenum. Det vart vedteke to resolusjonar om fred og tryggleik og om humanitære spørsmål. Utviklinga i Afghanistan gjev grunn til uro. Det vil verte ei viktig sak for neste generalforsamling å følgje opp FN-engasjementet i landet.

3.9 Samarbeid mellom FN og andre organisasjonar

Generalforsamlinga vedtok i tillegg til resolusjonen om samarbeid med OSSE ei rekkje resolusjonar om samarbeid med andre organisasjonar, mellom anna Den afrikanske unionen, IPU og IAEA. Samarbeidet med Den interparlamentariske unionen (IPU) vart styrkt gjennom resolusjonen, der FN inviterer IPU til å delta som observatør i Generalforsamlinga.

For andre året på rad vart resolusjonen om samarbeid mellom FN og Det internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) vedteken fyrst etter at forsamlinga med eit eige prosedyrevedtak hindra avrøysting over eit irakisk endringsframlegg, der Irak gjorde framlegg om ein meir positiv omtale av samarbeidet sitt med IAEA.

3.10 Havretts- og fiskerispørsmål

Noreg fekk i vesentleg grad gjennomslag for synspunkta sine i forhandlingane om havretts- og fiskerispørsmål og var medframleggsstillar og premiss-

leverandør for alle dei tre resolusjonane som vart vedtekne under dagsordenspunktet hav- og havrettsspørsmål. Noreg fekk tilslutning til eit framlegg om å opprette eit datasenter innanfor FN's miljøprogram (UNEP) sitt globale ressursdatasystem for lagring og handtering av forskingsdata frå kontinentalsokkelen, som skal tene utviklingsland og små øystatar. Framlegget er eit av fleire norske initiativ som tek sikte på å styrkje utviklingsland og små øystatar sine høve til å faktisk nyttiggjere seg dei rettane som FN's havrettskonvensjon av 1982 gjev kyststatane. Det vil òg fremje høva til å sikre etterleving av dei skyldnadene som følgjer av konvensjonen.

Den uformelle samrådsprosessen for havrettsforhandlingane vart vedteken vidareført for ytterlegare tre år, fram til FN's 60. generalforsamling. Prosessen skal medverke til å leggje tilhøva betre til rette for ein konkret og resultatorientert havrettsdebatt på generalforsamlinga. Han omfattar ikkje berre statlege aktørar, internasjonale organisasjonar og særorganisasjonar, men òg frivillige organisasjonar og det sivile samfunnet elles og forskingsmiljøa og andre ekspertar utanfor FN-familien.

I forhandlingane om fiskerispørsmål la ein frå norsk side særleg vekt på oppfølging av tilrådingar frå Verdstoppmøtet i Johannesburg om økosystembasert og integrert tilnærming til kyst- og fiskeriforvaltning. Vidare la ein særleg vekt på å styrkje grunnlaget for ein allmenn oppslutning om FN-avtala av 1995 om fiske på ope hav, som har møtt motstand frå ei rekkje store fjernfiskenasjonar. Fiskeriforhandlingane i Generalforsamlinga vert elles frå den 58. generalforsamlinga monaleg rasjonali-

serte ved at ein deretter skal handsame alle fiskerispørsmål samla i ein resolusjon om berekraftig fiskeriforvaltning, FN-avtala og andre relaterte instrument.

3.11 Dei internasjonale straffedomstolane for Jugoslavia og Rwanda

Handsaminga av domstolane som er oppretta for å straffeforfølgje ansvarlege for brot på internasjonal humanitær rett i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda vart rutineprega. Presidentane i domstolane presenterte årsrapportane sine. Noreg heldt separate innlegg om begge spørsmåla. Samarbeidsproblemet med statar i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda når det gjeld utlevering av tiltalte, tilgang til provmateriale, framstilling av vitne osv. var sentrale problemstillingar i rapportane til begge presidentane. Jugoslavia meinte det ikkje var mykje å utsetje på eige samarbeid med Jugoslavia-domstolen, sjølv om det kunne vore betre. Kroatia sa at domstolen måtte ta omsyn til historiske fakta og ikkje søkje å skape ein kunstig balanse mellom ulike sider i konflikten. Noreg la vekt på at alle statar ikkje berre i ord, men òg i handling, må oppfylle plikta dei har til å samarbeide med domstolane. Dette har ein frå norsk side lagt vekt på i Tryggingrådet òg, mellom anna i samband med vedtakinga av ei presidentfråsegn om samarbeid med domstolane. Frå norsk side vil ein framleis arbeide aktivt for at domstolane skal verte sikra tilstrekkelege ressursar og gode arbeidstilhøve, slik at dei kan få fullført mandata sine innan rimeleg tid.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Allmenne spørsmål

Arbeidet og avrøystingane i 1. komité følgde tradisjonelle liner med klare motsetningar, særleg når det gjaldt kjernevåpenspørsmål. Det var nokre fleire motsetningar enn året før, då arbeidet var sterkt prega av sjokket over terroråtaket på USA den 11. september. Det er framleis ei stor utfordring å finne fram til meir samlande tiltak innan FN-systemet når det gjeld nedrustingsspørsmål.

Dei alliansefrie landa (NAM) la fram ein resolusjon om multilateralisme som demonstrerte reell usemje mellom NAM og vestlege land. Dette gjaldt særleg NAM-landa si vektlegging av multilateralisme som kjerneprinsippet for nedrusting og ikkje-spreiing, medan dei vestlege landa såg verdi i andre tiltak òg, mellom anna bilaterale og trilaterale. Til liks med mange vestlege land lét Noreg vere å røyste på resolusjonen. Komitéformannen la fram ein resolusjon om multilateralisme som samla brei støtte hjå vestlege land. NAM-landa såg denne resolusjonen som ein konkurrent til sin eigen resolusjon om multilateralisme. Komitéformannen måtte difor trekkje resolusjonen attende.

4.2 Kjernefysisk nedrusting

Den såkalla Ny Agenda-resolusjonen (frå Brasil, Egypt, Irland, Mexico, New Zealand, Sverige og Sør-Afrika) om kjernefysisk nedrusting likna i år på resolusjonen frå 1998–99, og var difor ikkje like samlande som i 2000. Ny Agenda-landa la òg fram ein resolusjon om taktiske kjernevåpen som var problematisk for mange vestlege land. Han skapte mellom anna inntrykk av at NATO hadde gjort lite for nedbygging av slike våpen. Språkføringa i dei to resolusjonane var skjerpa, og det var ein negativ grunntone med omsyn til framdrifta på nedrus-

tingsfeltet. Ny Agenda-landa var heller ikkje særleg opne for å gjere endringar i teksta for å kome dei vestlege landa i møte. Til liks med fleire andre allierte avstod Noreg frå å røyste på begge resolusjonane. USA, Frankrike og Storbritannia røysta mot.

Noreg røysta for Japans resolusjon om kjernefysisk nedrusting. Resolusjonen var meir akseptabel for dei vestlege landa og fekk langt breiare oppslutning enn Ny Agenda-resolusjonane. USA var òg positiv til resolusjonen, men røysta mot på grunn av omtala av Prøvestansavtala. Ny Agenda-landa avstod frå å røyste på resolusjonen.

4.3 Andre nedrustingspørsmål

USAs nye resolusjon om å etterleve nedrustingsavtaler vart vedteken utan votering. Like eins vart resolusjonane om handvåpen og ikkje-humane våpen vedtekne utan votering. Resolusjonen om drøfting av ei avtale om forbod mot produksjon av kjernefysisk spaltbart materiale (FMCT) vart òg vedteken utan votering, medan resolusjonane om Minekonvensjonen og Prøvestansavtala (CTBT) samla brei oppslutning. Berre USA røysta mot resolusjonen om CTBT. Noreg heldt innlegg om CTBT, FMCT, Minekonvensjonen, handvåpen og ikkje-humane våpen.

Vidare greidde komiteen å forhandle seg fram til ei felles løysing med omsyn til ein fjerde spesialsesjon om nedrusting i Generalforsamlinga, sjølv om det lenge gjekk mot ei splitting mellom nord og sør. Som i fjor røysta Noreg for resolusjonen om faren for kjernefysisk spreiding i Midt-austen. Iraks resolusjonsutkast om utarma uran vart i år forkasta i komiteen. I fjor vart denne resolusjonen vedteken med knapt fleirtal i komiteen, men seinare forkasta i plenum.

5 Miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

Aktiviteten i 2. komité vart på den 57. generalforsamlinga prega av at dei to store FN-konferansane i Monterrey og Johannesburg hadde funne stad berre nokre månader i førevegen.

5.1 Oppfølging av FN-konferansar

Ei av dei største sakene denne hausten vart da òg samordna oppfølging av FN-konferansar på dei økonomiske og sosiale felta. Ein kunne konstatere ein viss trøttleik med omsyn til store verdskonferansar, og dei fleste landa innser difor at ein bør semjast om oppfølgingsmekanismar der den eksisterande FN-strukturen (Generalforsamlinga, ECOSOC og underliggjande kommisjonar) vert nytta betre. Det vart vedteke å oppnemne ei open arbeidsgruppe til å leggje fram konkrete tilrådingar om konferanseoppfølging. Gruppa skal slutføre arbeidet sitt innan juni 2003.

Når det gjeld oppfølging av Monterrey-konferansen om finansiering for utvikling (FfD), vart det vedteke at Generalforsamlinga sin høgnivådialog (annakvart år) i utgangspunktet ikkje skal opnast for debatt om andre tema (til dømes WSSD). Det vart vidare vedteke å opprette ein ny sekretariatsstruktur for oppfølging av FfD med om lag 15 personar. Oppfølginga av Johannesburg-konferansen (WSSD) om berekraftig utvikling er nærare omtala i avsnittet om berekraftig utvikling nedanfor.

5.2 Økonomi- og utviklingsspørsmål

På det makroøkonomiske området var det i større grad mogeleg å dra fordel av at dei fleste spørsmåla hadde vorte handsama tidlegare innanfor rammene av toppmøtet om finansiering for utvikling (FfD) i Monterrey. Særleg frå EU og USA vart det uttrykt vonbrot over at ein ikkje fremja ein samla resolusjon om makroøkonomiske spørsmål. Det vart til slutt semje om at ei ferdigforhandla tekst skulle brukast på tvers av resolusjonane. Handsaminga av desse spørsmåla i Monterrey førte til at tekstene vart mykje kortare, og ein gjekk i

dei fleste tilfelle attende til språk som det vart oppnådd semje om i Monterrey. Det var likevel ein tendens til omkamp om delar av Monterrey-teksta, og dette førte til at forhandlingane trekte i langdrag. Frå norsk side engasjerte ein seg som i tidlegare år i fyrste rekkje på resolusjonen om gjeldsproblema til utviklingslanda, og då spesifikt i spørsmålet om byrdefordeling i samband med finansiering av multilateral gjeldslette under det såkalla HIPC-initiativet.

5.3 Minst utvikla land og fattigdomsnedkjemping

Utviklingslanda sin iver etter å opprette nye fond for fattige land var eit av dei viktigaste trekka i 2. komité og vart hovudspørsmålet i handsaminga av Dei minst utvikla landa (MUL) og fattigdomsresolusjonen. Frå norsk side vart det peikt på at problemet ikkje er mangelen på særfond i FN, men manglande tilskot til fond og andre finansieringsmekanismar som alt finst. Elles gjekk Noreg saman med andre vestlege land inn for å styrkje aktuelle tekster på sentrale område som respekt for menneskerettane, godt styresett, kvinnerettar og tiltak for å fremje fred og tryggleik. Frå norsk side fekk ein gjennomslag for å få inn referansar i resolusjonen om fattigdom til det såkalla 20/20-initiativet og til kamp mot korrupsjon.

5.4 Operasjonelle aktivitetar

Under operasjonelle aktivitetar la G77 fram tre tekster: ei om sør-sør-samarbeid, ei om UNDPs «Human Development Report» og ei om gjevarkonferansane. Utfallet av forhandlingane var mindre vellukka enn året før sett frå vestlege lands synsstad. I resolusjonen om gjevarkonferansane arbeidde Noreg saman med andre vestlege land for at lovnader om tilskot skulle leggjast inn under det felles styremøtet for UNDP, UNFPA og UNICEF. G77 inntok motsett stilling, og ein enda difor med å utsetje gjennomgangen av gjevarkonferansane til den 59. generalforsamlinga.

Resolusjonen om UNDPs «Human Development Report» vart føremål for mange samråd, som var prega av at G77 og USA ønskte sterkare kontroll med utforminga av og innhaldet i rapporten. Noreg stod tilslutta EUs innlegg, som vart framført etter at resolusjonen var vedteken, der verdien av rapporten og av at rapporten er uavhengig, vart understreka.

5.5 Miljø og berekraftig utvikling

På dette området vart forhandlingane vanskelegare enn venta, særleg på område som stod sentralt på Johannesburg-toppmøtet om berekraftig utvikling (WSSD): mellom anna biologisk mangfald, bioteknologi, klima, berekraftig utvikling i små utviklingsøystatar (SIDS), ferskvatn, ørkenspreiing og styresettproblematikken. Frå norsk side såg ein det som viktig å hindre at forhandlingane vart ein omkamp på område der ein i Johannesburg hadde gjort framsteg, til dømes ferskvatn og sanitære forhold, biologisk mangfald, miljø- og helsefarlege kjemikal og berekraftig utvikling i små øystatar. Forhandlingane illustrerte òg at Johannesburg-toppmøtet på ei rekkje område var ein kamp for å hindre tilbakelegging i høve til utviklinga sidan Rio i

1992, ved at det ikkje var mogeleg å få konsensus om språk som tidlegare har vorte vedteke av Generalforsamlinga.

I oppfølginga av Johannesburg-toppmøtet vart Generalsekretæren beden om å leggje fram ein rapport tidleg i 2003 med konkrete framlegg til nærare reglar for det framtidige arbeidet i Kommissjonen for berekraftig utvikling (CSD). Utviklingslanda fekk stadfesta kravet sitt frå Johannesburg om at det trengst å innleie forhandlingar om eit internasjonalt regime for fordeling av fordelar ved utnytting av genetiske ressursar.

Trass i vanskar gjev resultatane av forhandlingane på Generalforsamlinga Noreg eit godt grunnlag for ei aktiv oppfølging av Johannesburg-toppmøtet nasjonalt og internasjonalt. I utviklingssamarbeidet vil ein frå norsk side medverke til gjennomføringsplanen for toppmøtet ved målretta satsing på dei såkalla WEHAB-områda (vatn, energi, helse, landbruk og biologisk mangfald).

Ei rekkje saker, mellom anna spørsmålet om finansieringa av møteverksemda til miljøkonvensjonane skal skje over det regulære FN-budsjettet, og spørsmålet om universell medlemskap i UNEPs styre, vart utsette til høvesvis den 58. og 59. generalforsamlinga.

6 Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Allmenne kommentarar

I lys av at 58. sesjon i FN's menneskerettskommissjon var svært vanskeleg, må stemninga i 3. komité karakteriserast som noko meir positiv enn ein hadde venta. Det vart oppnådd nokre viktige resultat, mellom anna ein resolusjon om vern av menneskerettar og kampen mot terrorisme, ein ny frivillig protokoll til Torturkonvensjonen og ei meir konstruktiv handsaming av spørsmål knytte til rasisme. Likevel var handsaminga av mange tema prega av store motsetningar, som gjorde seg gjeldande både mellom nord og sør, mellom vestlege og islamske land og ikkje minst mellom USA og andre vestlege land. Trass i at dei mest restriktive landa får mindre høve til å dominere dagsordenen på generalforsamlinga enn kva som er tilfelle i til dømes FN's menneskerettskommissjon, var det ein likevel rekordmange voteringar i høve til dei ulike resolusjonane.

Under handsaminga av prinsipielt viktige spørsmål der USA og andre vestlege land ikkje kunne semjast, til dømes omtala av Den internasjonale straffedomstolen (ICC) og referansar til dødsstraffproblematikken, inntok USA svært rigide posisjonar under forhandlingane og enda med å be om votering over mange resolusjonar der ein elles hadde venta konsensus. Omnibus-resolusjonen om barn vart til dømes vedteken i komiteen med røystetala 164–1–0, der USA avstod mellom anna på grunn av tilvisingar til dødsstraff og Den internasjonale straffedomstolen (ICC). Det å få bringa USA inn i ein positiv, konsensusorientert dialog om internasjonale menneskerettsspørsmål vil vere ei av dei største utfordringane som både EU og andre vestlege land står overfor i førebuingane til generalforsamlinga neste år.

Ein av milesteinane denne hausten var at ein etter ti år med vanskelege forhandlingar endeleg lukkast med å vedta ein frivillig protokoll til Torturkonvensjonen. Den frivillige protokollen inneber at det vert oppretta ein internasjonal gjestingsmekanisme som er meint å skulle førebyggje bruk av tortur i fengsel og andre stader der menneske vert haldne i forvaring. Partane bind seg òg til å opprette uavhengige nasjonale gjestingsmekanis-

mar. Dette var òg ei sak som møtte særleg sterk motstand frå USA. Den frivillige protokollen var eit av dei spørsmåla som var høgast prioritert frå norsk side, og Noreg deltok svært aktivt i støttearbeidet for denne resolusjonen, både i ei lita «venegruppe» i New York og gjennom utanriksstasjonane våre. Frå norsk side må vi seie oss svært nøgde med handsaminga av denne saka på Generalforsamlinga.

Ei anna problemstilling som særleg prega arbeidet i 3. komité var vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme. Her vedtok komiteen, etter vanskelege forhandlingar, ein ny, meksikansk resolusjon som set dette spørsmålet på dagsordenen til FN og sender eit viktig politisk signal om at menneskerettane ikkje skal lide overlast i kampen mot terrorisme. Sjølv om forhandlingane tydeleg viste at dette temaet enno er sensitivt i ein FN-kontekst, og resolusjonen for så vidt er «svakare» enn kva mange hadde ønskt, så har FN's høgkommissær for menneskerettar no fått eit eksplisitt mandat til å arbeide med denne problemstillinga. Saka vil måtte følgjast opp både i FN's menneskerettskommissjon og på Generalforsamlinga neste år.

Noreg hadde som i tidlegare år ansvaret for samordninga av resolusjonen om menneskerettsforkjemparar. Ein lukkast her både med å få konsensus om teksta og med å styrkje fjorårsteksta med mellom anna ei viktig prinsipiell tilvising til at somme grunnleggjande menneskerettar ikkje kan fråvikast under noko omstende. Dette la eit godt grunnlag for ytterlegare styrking av denne norske resolusjonen under årets menneskerettskommissjon, der mandatet til FN's spesialrepresentant òg skal fornyast.

Noreg var eit av få land som heldt eit såkalla landinnlegg, der menneskerettssituasjonen i utvalde einskildland vert omtala. New Zealand, Canada og USA heldt liknande innlegg, medan EU under dansk formannskap for fyrste gong heldt eit innlegg med tematisk fokus. Det synest å vere ei gryande semje om at kritisk omtale av einskildland i 3. komité har motsett verknad og bør reserverast for FN's menneskerettskommissjon. Frå norsk side vil ein i tida fram mot neste generalforsamling

nøye vurdere både fokus og tema for det norske hovudinnlegget i 3. komité.

Generalforsamlinga tydeleggjorde på nytt ei rekkje kontroversielle tema langs ein vestleg-islamisk akse, mellom anna i forhandlingane om ein finsk resolusjon om vilkårlege avrettingar, som i siste instans kravde heile 14 voteringar. Nokre spørsmål som vart høgt prioriterte frå vestleg side, mellom anna ei tilvising til straffeforfølgning for drap på grunn av seksuell orientering, som dessutan var i tråd med rapporten frå Spesialrapportøren, var svært kontroversielle. Omtale av dødsstraffproblematikken var det heller ikkje råd å semjast om i denne samanhengen. Etter kvart vart det tydeleg at det underliggjande problemet var ei svært kritisk haldning til Spesialrapportøren for vilkårlege avrettingar, som mange land meinte har gått lang utover mandatet sitt. Det vil i lys av dette vere ei utfordring å få forlengd dette viktige mandatet til neste år. På vestleg side må ein i komande forhandlingar prioritere betre og vere seg medvitne at det i ein slik kontekst vil vere vanskeleg å ta meir enn ein prinsipiell «kamp» om gongen.

3. komité vedtok ei rekkje resolusjonar som omtalar menneskerettssituasjonen i einskildland, mellom anna om Irak, Burma, DR Kongo og Sudan. Frå norsk side var vi særleg opptekne av situasjonen i Burma og Sudan. Mange uttrykte uro over at EU ikkje la fram ein eigen resolusjon om menneskerettssituasjonen i Iran. Ein tilsvarande resolusjon vart nedstemd under Menneskerettskomisjonens handsaming tidlegare på året, og EU skal ha vurdert det slik at det ville vere uheldig å leggje fram denne resolusjonen og så tape ei votering.

6.2 Rasisme

Plenumsdebatten om rasisme dreidde seg i stor grad om islamofobi og kva Internett har å seie for spreidinga av rasistisk materiale. Resolusjonsforhandlingane var i fyrste rekkje prega av spørsmål knytte til oppfølging av Verdslkonferansen om rasisme i Durban. Oppfølginga av Durban har vore eit svært kontroversielt tema og har lagt negative føringar på tilhøvet mellom særleg Afrika-gruppa og Vestgruppa. På møtet til Menneskerettskomisjonen våren 2002 lukkast det utviklingslanda, leidd av nokre afrikanske land, å få vedteke ein resolusjon med element som gjekk mykje lenger enn det kontroversielle sluttokumentet frå Durban, og som dei vestlege landa såg seg nøyde til å røyste imot. På generalforsamlinga denne hausten lukkast ein etter svært vanskelege forhandlingar å

vinne tilbake vestleg oppslutning om handsaminga av rasimeresolusjonen. Konsensus var likevel aldri innan rekkevidd. USA og Israel røysta mot, medan mellom anna Australia og Canada avstod. EU og Noreg røysta for teksta, men fann det ikkje rett å stille som medframleggsstillarar til teksta.

Utfordringa framover vil vere å medverke konstruktivt i arbeidet med oppfølginga av Verdslkonferansen. Frå norsk side har ein teke eit meir pragmatisk standpunkt enn mange andre vestlege land når det gjeld deltaking i dei ulike oppfølgingsmekanismane, og vil på sikt vonleg kunne medverke til brubygging i dette spørsmålet og til ei nedtoning av dei negative haldningane som har prega det internasjonale arbeidet mot rasisme etter Durban.

6.3 Kvinner

Fokus vart på denne generalforsamlinga òg sett på spørsmål knytte til fordømming av æresdrap, vald mot kvinner, handel med kvinner og kvinner i væpna konflikt. Noreg òg la vekt på desse tema i det nasjonale kvinneinnlegget sitt. Noreg peikte vidare på at det er viktig med særskilde tiltak retta mot jentebarn, og temaet om reproduktive rettar.

I motsetning til to år tidlegare lukkast ein i år på eit tidleg tidspunkt å kome til semje om ei nederlandsk tekst om fordømming av æresdrap. Dei tradisjonelle resolusjonane om oppfølging av Beijingkonferansen, kvinne delen i FN-sekretariatet og oppfølging av CEDAW-resolusjonen vart òg vedteke med konsensus. Frå norsk side la ein vekt på at dei tradisjonelle tekstene ikkje vert svekte. Det er ein tendens til at desse tekstene i aukande grad kjem under press frå land som ønskjer ei allmenn svekking av kvinnetekstene.

6.4 Urfolksspørsmål

I debatten om urfolk heldt Noreg eit nordisk innlegg, der vi mellom anna peikte på at det trengst å få oppretta eit sekretariat i New York for det nye faste forumet for urfolkssaker (som for tida vert leidd av tidlegare sametingspresident Ole Henrik Magga). Saman med Sverige og Canada medverka Noreg til at det i 5. komité vart vedteke å opprette tre av seks stillingar f.o.m. 1.1.2003. Noreg hadde dessutan òg samordningsansvaret for konsensus-resolusjonen om Det internasjonale urfolkstiåret (1995–2004). Det vil vere viktig å aktivt følgje opp spørsmålet om ressursar til det faste forumet for urfolkssaker i komande sesjonar.

6.5 UNHCR

I handsaminga av UNHCR la Noreg vekt på den prekære finansielle situasjonen til organisasjonen og at det trengst å finne varige løysingar på flyktningproblem. Høgkommissæren sitt mandat vart rutinemessig forlengt med ein ny femårsperiode

frå 2004. Den reformprosessen som no går føre seg i UNHCR, skal handsamast på neste generalforsamling. Det er venta at både trongen for å styrkje finansieringa av UNHCR og Høgkommissærens sterke vektlegging av internasjonal byrdefordeling og varige, lokale løysingar av flyktningssituasjonar vil verte hovudtema.

7 4. Komité

7.1 Vest-Sahara

Trass i fundamental usemje om substansen i Vest-Sahara-spørsmålet vart Marokko og Algerie/Polisario samde om ein resolusjon om temaet i 4. komité, som vart vedteken utan avrøysting. Bakgrunnen for fleksibiliteten til partane overfor denne nøytrale resolusjonen er at begge fryktar at usemje i 4. komité kan forstyrre det arbeidet som Tryggingrådet og Generalsekretærens spesialut-sending, James Baker, freistar å gjere for å skape politisk framgang i spørsmålet. Resolusjonen er ein oppdatert versjon av fjorårsresolusjonen, og som vanleg legg partane vekt på ulike delar av resolusjonen.

7.2 Midtausten

Som i tidlegare år måtte Israel tole sterk kritikk i mange av dei nasjonale innlegga om FN's organisasjon for hjelp til palestinske flyktningar (UNRWA), og debatten var prega av det vanskelege tilhøvet mellom Israel på den eine sida og palestinarar og andre statar i regionen på den andre. Noreg heldt innlegg der ein gav uttrykk for støtte til UNRWAs arbeid i ein stadig meir kritisk humanitær, sosial og økonomisk situasjon for palestinarane, særleg flyktningane. Leiaren for UNRWA, Peter Hansen, sa i utgreiinga si at organisasjonen stod overfor den største utfordringa som organisasjonen nokon gong har hatt. Den humanitære situasjonen var alarmerande. I forhandlingane om resolusjonane under dette dagsordenspunktet freista palestinarane å mjuke opp språket for å få USA til å endre røystegjevinga si. Men dette lukkast ikkje, og resolusjonane vart vedteke med same røystemønster som i tidlegare år, noko som innebar at Israel, USA, nokre små øystatar, Papua Ny-Guinea og Honduras anten røysta mot eller avstod.

Også i debatten om Israels praktisering av menneskerettane i dei okkuperte områda måtte Israel tole sterk kritikk i mange av dei nasjonale innlegga. Formannen i Spesialkomiteen for undersøking av israelsk praktisering av menneskerettane i dei okkuperte områda, ambassadør Mahen-

dran frå Sri Lanka, sa mellom anna at menneskerettssituasjonen i dei okkuperte områda var mykje forverra sidan den førre generalforsamlinga som følgje av israelske militære aksjonar. Resolusjonane vart vedteke med same røystemønster som i tidlegare år, noko som innebar at Israel, USA og tre mindre øystatar røysta mot, medan to andre øystatar avstod. Forhandlingane om resolusjonen om Israels menneskerettspraksis var problematisk, særleg med omsyn til ein referanse til Jenin. Ein kom likevel fram til eit kompromiss der ein unngjekk å rette peikefingeren mot Israel og utan å seie noko om terrorgruppene som hadde tilhald i flyktningleiren.

Både når det gjeld handsaminga av FN's organisasjon for hjelp til palestinske flyktningar (UNWRA) og når det gjeld handsaminga av israelsk praktisering av menneskerettane i dei okkuperte områda, vert debatten og resolusjonshandsaminga i 4. komité prega av oppattakingar. Palestinarane og dei arabiske landa vil hevde at resolusjonane som vert vedteke år etter år med omtrent same ordlyd, er nyttige i kampen for rettane til det palestinske folket. Israel seier på si side at konfronterande debattar og resolusjonar er uttrykk for antiisraelske haldningar, og at 4. komité si handsaming av desse spørsmåla ikkje medverkar positivt til ei framtidig løysing av konflikten i Midtausten eller tilgrensande problemstillingar – som israelsk menneskerettspraksis eller spørsmålet om palestinske flyktningar. EUs danske formannskap gjorde i år heiderlege freistnader på å røre ved dei fastlåste posisjonane ved å leggje fram nye tekster, dessverre utan å lukkast. Dette viser kor vanskeleg det er å bringe fredsprosessen mellom Israel og Palestina over på eit meir produktivt spor både i FN og i Midtausten.

7.3 Fredstryggjande operasjonar

Leiaren for FN's avdeling for fredstryggjande operasjonar innleidde debatten og tok utgangspunkt i tidlegare tilrådingar frå FN's spesialkomité for fredstryggjande operasjonar og FN-rapporten frå 2000 om betre planlegging og gjennomføring av

operasjonar (Brahimirapporten). Etter at det var gjennomført ein omfattande reform av FN's institusjonelle kapasitet for planlegging og gjennomføring av fredsoperasjonar, måtte fokus no rettast mot utfordringane i felten. Som særlege utfordringar for FN og medlemsstatane vart det mellom anna nemnt rask utplassering av styrkar når situasjonen krev det, styrking av Afrikas kapasitet til å medverke til operasjonar, auka satsing på demobilisering, avvæpning og reintegrering av tidlegare stridande (DDR – Disarmament, Demobilization and Reintegration) saman med reorganisering av væpna styrkar som ledd i fredsbygging etter konflikt. Det vart vidare peikt på at det trengst større medvit om samanhengen mellom utvikling av strategiar for å opprette godt styresett og styrkje rettsstaten, tryggingssektorreform (reform av væpna

styrkar, politi og rettsstell) og styresmaktene si evne til å halde oppe ro og orden og sikre fred og stabilitet. Heile 46 land heldt innlegg og gav allmenn tilslutning til desse prioriteringane – som vil verte følgde opp mellom anna i Spesialkomiteen for fredstryggjande operasjonar, og som vil vere utgangspunkt for FN's vidare innsats når det gjeld fredsoperasjonar. Noreg stødde freistnaden på å fokusere det vidare arbeidet knytt til fredsoperasjonar og tok til orde for å bruke eit større spekter av verkemiddel for å byggje varig og berekraftig fred. Satsing på DDR og tryggingssektorreform, som òg omfattar utviklingsrelaterte element, vart framheva som særleg viktige ledd i arbeidet for berekraftig fred. Noreg har ei aktiv rolle i arbeidet med tryggingssektorreform og vil følgje opp dette engasjementet i FN.

8 Administrative og budsjettære spørsmål (5. komité)

Noreg har tradisjonelt delteke aktivt i arbeidet i 5. komité og har spela ei viktig rolle når det gjeld å sikre ressursar til område som integrering av kvinner og situasjonen til barn i konfliktområde. Komiteen avslutta arbeidet tidlegare enn vanleg, noko som mellom anna skuldast mangel på administrative ressursar (til tolketenester o.l.). Fleire spørsmål vart utsette til vidareførde sesjonar i komiteen våren 2003.

8.1 Det regulære FN-budsjettet for 2002–2003

I Generalsekretærens fyrste framdriftsrapport for budsjettperioden 2002–2003, som alltid vert handsama i slutten av budsjettåret, vart det gjort framlegg om påplussingar på rundt USD 300 mill. til budsjettet for 2002–2003 på USD 2,63 mrd. Etter som Generalforsamlinga vedtok lågare lønsauke enn det som den internasjonale tenestemannsorganisasjonen hadde tilrådd, og at ein del forventa utgifter for 2003 vart utsette regnskapsmessig, trøngst det berre ei ekstraløyving på USD 176,87 mill. for budsjettperioden 2002–2003.

For Noreg var det viktig at ein i dei reviderte budsjettforhandlingane fekk gjennomslag for tre stillingar som var finansierte over det regulære FN-budsjettet til oppretting av eit fast sekretariat for Det faste forumet for urfolk, som vert leidd av norske Ole Henrik Magga. Det vart òg løyvd tilleggsmidlar frå fondet til ei styrking av FNs informasjonsavdeling, styrking av FNs antiterrorismekomité, oppfølging av Den internasjonale Monterrey-konferansen for finansiering av utvikling (FfD) og delfinansiering av Det internasjonale forskings- og utdanningsinstituttet for kvinner, INSTRAW.

8.2 Budsjettskissa for 2004–2005

I dei ti siste åra har det ikkje vore reell vekst i det regulære FN-budsjettet. Det har vore eit konstant krav, særleg frå USA, Canada, Australia, Japan og til dels EU-landa, om reformer, effektivisering, be-

tre samordning og sparing ved innføring av ny teknologi. Frå norsk side har ein òg sett fram krav om effektivisering, men har samtidig peikt på at FN må sikrast nok ressursar til å gjennomføre dei mandata som medlemsstatane har pålagt organisasjonen. Mellom anna på grunn av den sterke dollaren i dei seinare åra har sekretariatet stort sett klart å dekkje utgiftene til iverksetjing av nye mandat utan å måtte be om auka ressursar.

Generalsekretærens budsjettskisse for 2004–2005 på USD 2,975 mill. representerer ein auke på vel 6 prosent i høve til budsjettet for 2002–2003 (eksklusive tilleggslovingar frå hausten 2002). Forhandlingane om budsjettskissa vart som i tidlegare år inga vanskeleg sak. Dette skuldast at skissa ikkje er bindande, men òg ei meir realistisk haldning, særleg frå USAs side, til FNs trong for auka ressursar og ei erkjenning av at ein har hatt store effektiviseringsvinstar i heile FN-systemet. Generalforsamlinga vedtok ei budsjettskisse på USD 2,876 mill.

8.3 FNs finansielle situasjon

For fjerde år på rad var ikkje FN i ein akutt likviditetssituasjon, slik som var vanleg i tidlegare år. Medlemslanda hadde likevel ei gjeld til FN på USD 1,683 mrd. Av dette var USD 1,335 mrd. til FNs fredstryggjande operasjonar, USD 304,8 mill. til det regulære FN-budsjettet og USD 43 mill. til krigsforbrytardomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda. USA betalte i 2002 i alt USD 1,108 mrd. og skulda ved utgangen av 2002 USD 535,38 mill. til det regulære FN-budsjettet, USD 190,3 mill. til FNs fredstryggjande operasjonar og USD 123 mill. til krigsforbrytardomstolane. FN på si side skulda ved årsskiftet USD 703,6 mill. i ubetalte refusjonar til troppebidragsytande land mot om lag USD 800 mill. året før.

Sjølv om FNs finansielle situasjon ikkje er like prekær som tidlegare, har organisasjonen framleis sesongprega likviditetsproblem på grunn av manglande og for sein innbetaling av medlemslanda sine kontingentar. Dette medfører at FN av og til må låne frå budsjettet til fredstryggjande opera-

sjonar for å kunne dekkje skyldnadene sine. Dette er svært uheldig og viser kor viktig det er med vidare aktivt arbeid på dette området.

8.4 Finansiering av FN's straffedomstolar

Noreg har de tre siste åra leidd forhandlingane i FN om finansiering av straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda. Generalforsamlinga vedtok i desember 2002 toårige budsjett for dei to domstolane på høvesvis USD 248,9 millionar og USD 197 millionar. Ei dobling av utgiftene til drift av domstolane over dei fem siste åra har medført at Generalforsamlinga har sett fram krav om meir effektiv drift og ein framdriftsplan med sluttdato for virket til domstolane.

På den 57. generalforsamlinga vart medlemslanda samde om ei ekstraløyving på USD 4,6 millionar for tre nye saksoppnemnde dommarar til Domstolen for Rwanda, og ei ekstraløyving til Domstolen for det tidlegare Jugoslavia på USD 13,7 mill. til forundersøkingar.

I resolusjonen om finansiering av domstolane vert det bede om at framtidige budsjettframlegg tek med nærare opplysningar om korleis midlane skal brukast, også sett i samanheng med ein grunngeven og realistisk strategi for avslutning av verksemda til domstolane. For begge domstolane skal vidare investeringar etter planen stanse i 2004, og det vert teke sikte på at domsavgjerdssfasen vert avslutta i 2007–2008.

8.5 Skalaen for utlikning av FN's utgifter

På den 57. generalforsamlinga låg det føre oppmodingar frå Argentina og Afghanistan om reduksjon av ilikna bidrag for 2003 på grunn av den økonomiske krisa desse landa var i. Det fanst ingen presedens for at slike oppmodingar, som viser til ei unnataksføresegn i prosedyrereglane til FN, har vorte stetta. Oppmodingane vart likevel stødde av FN's bidragskomité. På grunn av det ekstraordinære omstendet at Sveits vart teke opp som medlem i FN, og at bidraget frå Sveits ville dekkje underskotet som oppstod ved eit redusert bidrag frå Argentina og Afghanistan, stødde vestlege land oppmodinga frå Argentina og Afghanistan. For å vareta integriteten til bidragskalaen var det likevel viktig for vestlege land å få inn i resolusjonsteksta at dette var unnatakstilfelle.

8.6 Totalreovering av FN-hovudkvarteret

Etter lange og vanskelege forhandlingar vedtok Generalforsamlinga ei tilleggsløyving for 2003 på USD 25,5 mill. til ytterlegare forprosjektering til ei totalreovering av FN-hovudkvarteret. Det vart vedteke å setje i verk Generalsekretærens framlegg til totalreovering og reising av eit nybygg med eit budsjett på USD 1,049 mrd. +/- 10 prosent. Reoveringa vil starte i oktober 2004. Heile planen byggjer på eit rentefritt lån frå vertslendet til å dekkje reoverings- og byggjekostnadene. Leasingutgifter for nybygget på USD 24,8 millionar årleg vil føre til at FN har betalt attende lånet i 2036, og kan då overta det nye bygget utan ytterlegare kostnader.

8.7 FN's felles løns- og tenestesystem

Generalforsamlinga vedtok ei reallønsauke for FN-tilsette på gjennomsnittleg 2,2 prosent til ein årleg kostnad på USD 32,9 mill. frå 1.1.2003. Dette var den fyrste reallønsauken sidan 1996–97.

8.8 Tilsyn og kontroll

Noreg deltok aktivt i handsaminga av rekneskapsrapportar frå FN-sekretariatet og rapportane frå Revisorrådet, FN's kontor for internt tilsyn (OIOS), FN's eksterne kontrollorgan og FN's inspektørgruppe (JIU).

Noreg heldt eige innlegg om rapportane frå Revisorrådet. I innlegget vart verdien av Revisorrådets arbeid understreka. Samtidig vart det uttrykt uro over at rapportane vert publiserte altfor seint, noko som gjer det vanskeleg for medlemsstatane å utøve kontrollfunksjonen sin. Ettersom målet er at alle tilrådingane frå Revisorrådet vert følgde opp, vart det etterlyst forklaring i dei tilfella dette ikkje hadde vorte gjort. Vidare vart nokre av Revisorrådet sine tilrådingar som vedkjem fleire av organisasjonane omtala særskilt, mellom anna rapportar om UNCHR og UNWRA.

Noreg stod tilslutta eit EU-innlegg om den årlege rapporten frå FN's kontor for internt tilsyn (OIOS). OIOS har sidan kontoret vart oppretta i 1995, vist seg å vere eit uunnverleg tilsynsorgan i FN-systemet. OIOS vart i innlegget rost for framifrå arbeid og freistnader på å betre samordninga mellom andre styringsorgan og tilsynsorgan. Sidan opprettinga i 1995 har OIOS fremja 2357 til-

rådingar og identifisert innsparingar i FN på USD 56 mill. Generalforsamlinga tok til etterretning dei rapportane som var framlagde av OIOS.

Rapportane frå FNs inspektørgruppe (JIU) har tidlegare vore av varierende kvalitet. I den resolusjonen som vart vedteken, vert det teke opp att at JIU må fokusere på godt definerte spørsmål av høg prioritet, og at rapportane må verte meir analytiske. JIU får ros for betre oppfølging av tidlegare tilrådingar, og leiarane av dei organisasjonane som vert evaluerte, vert bedne om å følgje opp tilrådingane frå JIU.

8.9 Fyrste vidareførte sesjon i 5. komité 3.–28. mars 2003

På fyrste vidareførte sesjon i 5. komité 3. – 28. mars 2003 var hovudsakene personaladministrasjon, FNs arbeidstvistordningar og rapporten frå FNs kontor for internt tilsyn (OIOS) om seksuelt misbruk av flyktningar i flyktningleirar i Vest-Afrika.

Drøftingane om personaladministrasjon var ei vurdering av gjennomføringa av vedtaka frå den 55. generalforsamlinga (res. 55/258) om Generalsekretærens reformarbeid på personalsida. Dette arbeidet har medført monaleg effektivisering og modernisering av sekretariatet, og komiteen slutta seg i hovudsak til Generalsekretærens gjennomføring av reformene. Likevel ser ein i komiteen ein tendens til freistnader på å detaljstyre personaladministrasjonen i organisasjonen. Frå norsk side er vi opptekne av å stø Generalsekretæren i refor-

meringa hans av sekretariatet og å søkje å unngå at ein-sidede nasjonale interesser eller gruppeinteresser får leggje for sterkt band på dette arbeidet.

Når det gjeld arbeidstvistordningane til FN og klageretten til tilsette, er det her òg ei rekkje land som er opptekne av å detaljregulere ordningane. Mange av framlegga dreier seg difor om å styrkje klagaren si stilling i prosessen, mellom anna med fri retts hjelp og utvida klage- og appellrett. Slike krav har komiteen avvist. Det er likevel eit alvorleg problem at tvistesaker tek urimeleg lang tid før det vert teke ei endeleg avgjerd. Komiteen slutta seg til framlegget om betre meklingsordningar og oppretting av ombodsmannsordningar.

Rapporten frå FNs kontor for internt tilsyn om seksuelt misbruk av flyktningar i flyktningleirar under FN-ansvar i Vest-Afrika vart føremål for grundige drøftingar, og ei rekkje land, mellom andre Noreg, heldt innlegg om saka. Komiteen slutta seg til tilrådingane om felles tiltak og åtførdskodeks for alle humanitære og fredstryggjande operasjonar utan omsyn til geografisk lokalisering. Etterforskinga stadfesta at kvinner og barn er sårbare i ein flyktningsituasjon. Ein eigen åtførdskodeks for alle som arbeider med flyktningar, og særlege vernetiltak vil verte innførte for å hindre slike overgrep.

Komiteen slutta seg òg i hovudsak til Generalsekretærens strategi for informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Andre vidareførte sesjon vil i hovudsak omhandle finansiering av fredstryggjande operasjonar.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

Forhandlingane i 6. komité gjekk i år òg føre seg i ein god og konstruktiv atmosfære. Alle resolusjonane vart vedtekne med konsensus. Med unntak av oppmodingar om observatørstatus i FN vart det ikkje teke inn nye tema på agendaen til komiteen.

Det nordiske samarbeidet i 6. komité var som i tidlegare år svært omfattande. Det vart halde ei rekkje fellesnordiske innlegg, høvesvis Folkerettskommisjonens framtidige arbeidsprogram og ein-sidige statshandlingar (Finland), reservasjonar til traktatar (Sverige), diplomatisk vern (Noreg), skadbot for handlingar som ikkje er i strid med folkeretten (Sverige), UNCITRALs rapport (Sverige), vern av diplomatiske stasjonar (Noreg) og status for tilleggsprotokollane av 1977 til Genèvekonvensjonane av 1949 om vern av offer for væpna konflikt (Sverige). I nasjonal kapasitet heldt Noreg innlegg om ein konvensjon mot reproduktiv kloning av menneske, Den internasjonale straffedomstolen og juridisk immunitet for statar og eige- domen deira. Noreg var elles tilslutta EUs innlegg om kamp mot internasjonal terrorisme og bruksområdet for FN-konvensjonen av 1995 om vern av FN-personell og assosiert personell.

9.1 Kloning

Den mest kontroversielle saka på agendaen til 6. komité – arbeidet med utarbeiding av eit mandat for forhandlingar om ein konvensjon mot reproduktiv kloning av menneske (dagsordenspunkt 162) – fekk ein skuffande utgang. Det stod to sterke grupperingar bak kvart sitt resolusjonsutkast. USA og Spania var hovudpådrivarar bak eit utkast der mandatet skulle dekkje alle former for kloning, mellom anna terapeutisk kloning. Frankrike og Tyskland var hovudpådrivarar bak eit utkast der mandatet vert avgrensa til reproduktiv kloning av menneske, kombinert med forhandlingar om eit breiare forbod så snart det er fastsett eit forbod mot reproduktiv kloning. Noreg deltok aktivt i ei «venegruppe» for det sistnemnte resolusjonsutkastet. Frå norsk side har ein uttrykt at ein primært

ønskjer ein vidfemnande konvensjon som forbyr alle former for kloning. Samtidig har ein understreka at det trengst ei pragmatisk tilnærming der det i fyrste omgang er essensielt å fokusere på det som kan oppnåast raskt. Arbeidet vil elles kunne verte vanskeleggjort og unødig seinka. I verste fall kan ei brei tilnærming føre til at det ikkje vert oppnådd semje om ein konvensjon i det heile teke. På den siste dagen av sesjonen gjorde 6. komité som eit kompromiss eit vedtak om at ei arbeidsgruppe skal vidarehandsame spørsmålet på den 58. generalforsamlinga. Det vert såleis ikkje møte i ein adhockomité før neste generalforsamling slik tilfellet var før den 57. generalforsamlinga. Med dette vedtaket er det stor fare for at 6. komité ikkje oppnår anna enn å tape eitt år i arbeidet med å framforhandle ein konvensjon. Samstundes går den teknologiske utviklinga føre seg i høgt tempo.

9.2 Internasjonal terrorisme

Hovudarbeidet når det gjeld iverksetjing av tiltak med sikte på å nedkjempe internasjonal terrorisme har vorte gjort i Tryggingrådet. I tillegg har Generalforsamlinga vidareført freistnadene sine på å få til mellom annan ein allmenn FN-konvensjon om terrorisme. Sidan dei tragiske hendingane 11. september 2001 har 6. komité vedteke resolusjonar om nedkjemping av internasjonal terrorisme med konsensus. Likevel kom også i år fleire av dei tradisjonelle problema som dei arabiske landa har med resolusjonen, til overflata under hovuddebatten. Medan dei vestlege statane fordømmer alle former for terrorisme, fokuserer dei arabiske landa meir på dei underliggjande årsakene til terroraksjonar, til dømes kolonisering og framand okkupasjon. Dei arabiske landa er opptekne av at ein må prioritere å kome til semje om ein definisjon av omgrepet «terrorisme», og peiker i den samanhengen på at det er viktig å finne fram til ein definisjon som ikkje medfører at «legitim» frigjeringskamp mot okkupasjonsmakter vert rekna som terroristhandlingar. Arbeidet med vurdering og gjennomgang av eit indisk utkast til ein allmenn (heilskapleg) terrorismekonvensjon, som er gjort i Adhockomi-

teen mot terrorisme, har vorte halde fram som svært viktig, og ein har freista å forsere det etter hendingane 11. september 2001. Det er likevel slik at dette arbeidet står i fare for å mislukkast på grunn av usemje om spørsmålet om ein definisjon av omgrepet terrorisme. Det var dessverre ingen framgang å spore på den 57. generalforsamlinga når det gjeld dette spørsmålet. I resolusjonen vart det vedteke å vidareføre mandatet til Adhockomiteen slik at komiteen kan halde fram arbeidet sitt med ein allmenn (heilskapleg) terrorismekonvensjon og arbeidet sitt med ein internasjonal konvensjon om kjernefysisk terrorisme. Det vart vedteke at Adhockomiteen skal møtast i tre dagar våren 2003. Den korte møtetida vitnar om at utsiktene til eit gjennombrøt i konvensjonsforhandlingane ikkje er særleg gode.

9.3 Den internasjonale straffedomstolen – ICC

Under handsaminga i 6. komité av etableringa av Den internasjonale straffedomstolen vart det vedteke ein resolusjon der det vert vist til kor viktig det er at domstolen har tredd i kraft, at domstolens fyrste statspartsmøte skal vidareførast i februar og april 2003 for mellom anna å velje dommarar og hovudklagar, og at det andre statspartsmøtet skal haldast i september 2003. Resolusjonen oppmodar òg alle statspartar til å verte part i Avtala om privileg og immunitet for domstolen, tilsette ved domstolen og personar som opptre for domstolen. Noreg ratifiserte avtala som fyrste stat den 10. september 2002. I og med at domstolen er oppretta ved ein traktat og såleis ikkje er eit FN-organ, er iverksetjing av denne avtala heilt vesentleg for drift av domstolen. Under hovuddebatten i 6. komité heldt Noreg eit eige innlegg der det vart lagt særleg vekt på konkret handling som kan stø domstolen i den fyrste kritiske fasen. Debatten avdekte ei gjennomgåande svært positiv haldning til at domstolen hadde tredd i kraft. Det er verdt å merke seg at USA er den einaste staten som ser seg nøydd til å ta ordet for å reservere seg mot at domstolen trer i kraft. Frå norsk side vil ein framleis medverke aktivt til å verne om integriteten til domstolen. Samtidig vil vi arbeide for å integrere domstolen i systemet for vern av internasjonal fred og tryggleik. Vi vil halde fram dialogen vår med dei statane som har innvendingar mot domstolen med sikte på å fremje så brei oppslutning som råd om domstolen og målsetjingane for han.

9.4 Andre spørsmål

Bruksområdet for FN-konvensjonen av 1995 om vern av FN-personell og assosiert personell har av fleire statar og frivillige organisasjonar vorte oppfatta som for snever. I ein rapport kjem FN's generalsekretær med tilrådingar om både meir effektiv gjennomføring av føresegnene i konvensjonen og om utviding av bruksområdet ved mellom anna å ta med alle slags FN-operasjonar og alle slags hjelpepersonell. Det vart i resolusjonen oppnådd semje om effektiviseringstiltak. Mellom anna skal ein søkje å innarbeide hovudføresegnene i konvensjonen i statusavtaler for militære styrkar og observatørar (SOFA, SOMA). I resolusjonen vert det vedteke at ein adhockomitè skal møtast ei veke i 2003 for å vidareføre diskusjonane sine om dei meir prinsipielle spørsmåla, som kan medføre at det trengst å endre 1995-konvensjonen, og særleg bruksområdet for konvensjonen. Frå norsk side har ein aktivt stødd også gjennomføring av dei sistnemnde, som tilrådd av FN's generalsekretær.

Handsaminga i 6. komité av Folkerettskommissjonens rapport (dagsordenspunkt 156) var i vesentleg grad kommentarar til arbeidet til kommissjonen. Noreg heldt på vegner av dei nordiske landa innlegg om diplomatisk vern, særleg om kva rett statane har til å vareta interessene til personar om bord i skip. Komiteen merka seg dei nye emna som Folkerettskommissjonen vil handsame framover, nemleg ansvaret til internasjonale organisasjonar, delte («shared») naturressursar, som dels spelar ei rolle for vassressursar og dels for petroleumsførekomstar, og tiltak for å motverke fragmentering av folkeretten.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. april 2003 om Noregs deltaking i den 57. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 56. generalforsamling, blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Statsminister Bondeviks innlegg i hovuddebatten**

12. september 2002

Mr. President,

Yesterday, we stood united in remembrance of all those who lost their lives a year ago.

The terrorist attacks on September 11 last year were an attack on us all. We, the member states of the United Nations, made this clear a year ago, in this hall.

Today, we stand united in unwavering determination in the struggle against international terrorism and in the fight for the values, ideals and human rights that this great organization is founded upon.

To succeed in our fight against terrorism, we must meet three crucial priorities:

First of all, as terrorism is a global threat, our response must be global and comprehensive.

To succeed the global coalition to combat international terrorism must be maintained, and further strengthened.

We must continue our common efforts to prevent and eradicate terrorism, and to bring the perpetrators to justice. We must deny the terrorists access to weapons of mass-destruction.

We must continue to fight terrorism with all necessary means – political, diplomatic, legal, financial and military.

We must ensure that we are fighting terrorism on our own terms, upholding the values, the rights and the freedoms that the terrorists so despise.

Secondly, we must strengthen our common efforts to maintain peace and security.

A multilateral approach to global challenges, requires relevant and effective institutions. Effective multilateralism calls for a strong United Nations and effective regional organizations.

Norway stands fully behind efforts to strengthen the UN.

Thirdly, we must focus on root causes. I call on all member states to:

- to fight extremism and fanaticism,
- to protect and promote human rights,
- to resolve conflicts, and
- to eradicate poverty.

This is why to invest in development is to invest in peace.

The Millennium Declaration has set out the precise objectives – to which we all are committed.

We cannot afford to fail.

Development must be built on a global partnership, in which all partners have clear responsibilities.

At the World Summit for Sustainable Development in Johannesburg a week ago, we reaffirmed our commitment to the Rio principles and agreements, to the Millennium Goals, to Doha and Monterrey. Together these agreements and declarations have given us a platform for renewed efforts towards our common goal of sustainable development.

The Summit in Johannesburg also demonstrated that promoting development and protecting the environment must go hand in hand.

Now, it is up to us to make it all happen.

Making it happen requires us to commit precise and ambitious aims within the most pressing areas of concern. We tried to do so in Johannesburg – especially in the areas of water, energy, health, agriculture and biodiversity.

Making it happen requires investment in people, that is: Education, respect for human rights, empowerment of women, and the empowerment of the poor. We need more equitable sharing of wealth within and among nations.

Making it happen requires courageous and enlightened leadership. Good governance is indispensable for sustainable development.

Making it happen requires strong international institutions, both to monitor and to act on behalf of us all.

Last but not least, making it happen requires financial resources. I urge the leaders of industrialised countries to make speedy progress towards the 0.7 per cent ODA target. Norway intends to increase development assistance to 1 per cent of GDP by 2005.

Mr. President,

The cycle of violence in the Middle East must be broken. We must all help to bring the conflict out of its deadlock. Israel has a legitimate right to self-defence, but a human disaster is unfolding before our eyes in the Palestinian areas.

I urge the Palestinians to deal effectively with the terror. The terrorist attacks must end. I urge the Government of Israel to recommit itself to the political process while halting its military operations and withdrawing its forces. Only a political process aiming at an independent Palestinian State and security for Israel, can lead to peace. As chair of the Ad-hoc Liaison Committee (AHLC), Norway is working with other donors to help rebuild economic and social infrastructure, while ensuring reforms in the Palestinian areas through our work in the established Task Force on Palestinian Reform.

In the troubled and war-torn country – Afghanistan, we must continue our assistance in the years to come. We condemn the recent attacks against the lawfully appointed leaders of Afghanistan. The fight against the remaining groups of terrorists must continue.

I pledge Norway's continued support to Afghanistan. As the Chair of the Afghan Support Group (ASG), we have focused on the need for both humanitarian assistance and long-term reconstruction aid. A sustained international presence is essential. Winter is approaching and as many as 6 million people are threatened with famine. We must also ensure the protection of human rights, in particular the rights of girls and women.

Iraq must address the unresolved disarmament issues in accordance with Security Council resolutions. This means immediate and unconditional cooperation with UN weapons inspectors.

It is up to the Iraqi leadership to allay international fears and to prove that Iraq does not possess weapons of mass-destruction.

It is up to Saddam Hussein to step out of isolation, and bring Iraq back into the world community.

Political and diplomatic efforts to achieve these goals have not yet been exhausted. Iraq must comply with UN demands immediately. The responsibility for non-compliance lies on Iraq alone. Further action by the international community must be rooted in the UN.

Mr. President,

